

Idrett og friluftsliv i valkampen

Det er vel heller sjeldan at idrett og friluftsliv har hatt noko serleg plass i valkampen ved kommunevala. Det har på ein måte gått av seg sjølv – av gamal vane – og ildsjelene har vore der (nesten) heile tida. I Bø kommune utgjer verdiskapinga innfor dei laga som er organisert under Norges idrettsforbund rundt 25 årsverk. Omrekna etter ei årslønn på kr. 350.000,- får vi eit beløp opp i mot 9 mill. kroner. Tala er sett fram av forskerane Wollebæck, Selle og Lorentzen, og tek utgangspunkt i den såkalla idrettsregistreringa for all aktivitet opp til alder 19 år.

På bakgrunn av dette skulle ein tru at det ikkje er nødvendig med verken nye tiltak eller andre former for stimuli – idrett og friluftsliv / frivillighet og dugnad greier seg godt slik det er i Bø.

Venstre i Bø ønsker likevel å ta tak i situasjonen for den komande valperioden, all den tid vi meiner det er muligheter å få utretta endra meir. I valprogrammet vårt sett vi difor fram forslag om å opprette ei 50% stilling knytta til Frivilligsentralen nettopp for å styrke frivilligheten. Meir konkret som ein sentral som skal kunne trå til og hjelpe og utfylle lag og foreningar med søknad om midlar til alle former for aktivitetar og prosjekt. Her ligg svært store muligheter for å skaffe pengar for den som er kjent i "systemet" og kjent med mulighetene. Mange vil hevde at Bø kommune har gjort svært mykje innafor idrett og friluftsliv ved bl.a. å vise til satsinga i si tid i Gullbring og Telemarkshallen. Andre vil hevde at det er mange lag og grupper som saknar positiv oppmerksomhet frå kommunen eller som **"aktiv medspelar"** som det står i planverket til Bø kommunr.

I samfunnssdelen til kommuneplanen for Bø 2008 - 2020 er det mange punkt som berører sektoren som vi tek opp her, og nemner sitat: (rett nok tatt ut or sin samanheng i planen, men likevel)

- Vilje til å legge til rette for helseførebyggande tiltak for heile befolkninga
- Aktiv samhandling med innbyggerane
- I Bø kommune skal det leggast til rette for frivillige lag og organisasjonar
- **Bø kommune skal vera ein aktiv medspelar i å legge til rette for at idrett- og friluftsliv får ein sentral plass i folks kvardag**
- **I Bø kommune skal det leggast til rette for eit godt og nyskapande samarbeid med lag og organisasjonar i bygda. Berre saman kan vi utvikle tilbod som innbyggerane ynskjer og treng**
- I Bø kommune skal ein aktivt legge til rette for aktivitetar og tenester som fremjar folkehelsa hos innbyggerane

Det er serleg dei to punkta som er utevla Bø Venstre i den komande valperioden ønsker å arbeide aktivt med. Som nemnt i innleiinga blir det lagt ned stor innsats på mange felt. **Bø Venstre meiner likevel her er saker og prosjekt der aktiv haldning frå kommunen og samarbeid i vidaste forstand med lag og organisasjonar må til for å løyse desse oppgavene.** Venstre vil sterkt vera med på

å gje punkta i kommuneplanen det innhaldet og den meininga som er uttala. Aktivt pruk av denne planen, i tillegg til kommuneplanen for idrett og fysisk aktivitet 2008 – 2011, vil vera svært retningsgjevande og viktige dokument for arbeidet vårt i den komande valperioden (vi er kjent med at delplanen skal rulerast med det fyrste). Begge planane ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside www.bo.kommune.no

Godt valg – med enda større og breidar fokus på idrett og friluftsliv i Bø kommune..

Bø i Telemark, 15.08.2011

Augon Eika

3. kandidat til Venstra i Bø